




Ein ny felles folkemusikkorganisasjon Melding frå NFD og LfS



I dei seinare åra har dei ulike organisasjonane på folkemusikkfeltet bygd opp parallelle strukturar, noko som har ført til dobbeltarbeid og därleg ressursutnytting. No ynskjer styra i dei to organisasjonane å endre på desse tilhøva gjennom å etablere ein meir formålsteneleg struktur for folkemusikkfeltet. I vedtaket frå dei to organisasjonane står det:

"*Styra i Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag har som mål å etablere éin ny felles folkemusikkorganisasjon i Noreg*"

Styra har også vedteke at informasjons- og formidlingsverksemda i dei to organisasjonane vert samla til ei avdeling. Denne avdelinga vert operativ frå 1. januar 2009. Arbeidet med opprettning av den nye folkemusikkorganisasjonen, samt avdeling for informasjon og formidling, startar omgåande. Vedtaket vart gjort på eit felles styremøte 10. juni 2008.

Kva meiner du? Strukturendringar i folkemusikken

NFD vil gjerne høre kva du meiner om styra i NFD og LfS si målsetninga om éin ny felles folkemusikkorganisasjon, og kva for ynskjer du har for folkemusikkfeltet i framtida. På nettsidene er det oppretta eit responskjema du kan fylle ut. Kom med dine synspunkt - ei tilbakemelding frå deg er svært viktig for oss i prosessen vidare. Fyll ut svarkortet som ligg ved!



ÁRINN i samarbeid med PUNKT 4. - 6. september i Kristiansand

ÁRINN hausten 2008 vil bli arrangert i samarbeid med Punkt i Kristiansand. Punkt er ein festival som presenterer konserter i ulike genre, samt faglege seminar. ÁRINN vil i år gå inn som ein del av Punkts program med konserter med tradisjonsmusikk og eit seminar. Konserthane vil finne stad på Agder Teater. Informasjon om billettar og program m.m. kjem i neste utgåve av Kvinten.

Om Intro-folk Notis i Spelemannsbladet

I Spelemannsbladet 4/08 vart det i ei notis meldt at Norsk Folkemusikkformidling framleis er samarbeidspartner i musikkonkurransen Intro-folk. NFD kan melde at det er NFD som er samarbeidspartenaren i Intro-folk, og ikkje Norsk Folkemusikkformidling slik det vert meldt i notisen.

NFD-kontoret er stengd i juni Sommarferie

NFD og Norsk Folkemusikkformidling tar ferie og stenger kontoret for sommaren. Me er tilbake på kontoret måndag 4. august. Om du ynskjer å kome i kontakt med oss i denne perioden er det beste å sende e-post, eller brev.

E-post: nfd@folkogdans.no
Post: Norsk Folkemusikk- og Danselag
Postboks 440 Sentrum
0103 OSLO

Du kan også kontakte styreleiar Åshild Vetrhus på tlf. 975 03 463

GOD SOMMAR!

NESTE UTGÅVE AV KVINTEN KJEM I AUGUST



Norsk Folkemusikk- og Danselag

Postboks 440 Sentrum, 0103 OSLO
Besøksadresse: Kirkgata 20
Epost: nfd@folkogdans.no
Telefon: 22 00 56 90
www.nfd.no / www.folkogdans.no

Om Kvinten

Kvinten innehold nytt om Norsk Folkemusikk- og Danselag sitt arbeid. Om du ikkje lenger ynskjer å abonnere på Kvinten, kan du avbestille ved å sende eit brev til NFD.